



Austrheim kommune  
Kommunehuset  
5943 AUSTRHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Offentleg ettersyn - Austrheim - bustadområde B36 Kaland og Fønnes og friområdet ved Ekornsåta - områderegulering

Vi viser til brev frå kommunen datert 12.09.2022. Saka gjeld offentleg ettersyn av områderegulering av bustadområde B36 Kaland og Fønnes og friområdet ved Ekornsåta.

Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for god utvikling av eit større bustadområde i Kaland og Fønnes-området. Planområdet er på om lag 200 daa. Planforslaget er i hovudsak i samsvar med overordna plan.

### Statsforvaltaren sine merknader

Planarbeidet har i stor grad forsøkt å ivareta dyrka mark og unngå bygging på myr. Det er heller ikkje lagt nye bustader på areal som er utsett for støy. Dette er positivt og i samsvar med vår uttale til oppstart av planarbeidet.

Det vert opna for både frittliggjande småhus (eine- og tomannsbustader) og konsentrerte småhus (eine- og tomannsbustader, rekkjehus og fleirmannsbustader). I illustrasjonsplanen er det vist 116 bustadeiningar, men det ser ut som planen opnar for at ein kan bygge fleire einingar enn dette. Sjølv om Fønnes-Kaland er vurdert som eit av to tettstader i kommunen, vurderer vi at tal bueiningar er noko høgt. Dette med tanke på klima og bustad-, areal- og transportplanlegging. Vi rår til at tal einingar vert tatt noko ned.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

